

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.06.2018

Innspel frå medlemane:

Leiar Beate Husa (Krf) viste til ønskje frå byråd Anna Elisa Tryti frå Bergen kommune om eit møte med utvalet, og sette fram forslag om at dette vart gjennomført i forkant av utvalstmøtet 21. august 2018, gjerne frå kl.09.00 – 10.00. Gruppemøte som vanleg frå kl.10.00 – 11. 00 og ordinært møte frå kl.11.00.

Eit samla utval støtta forslaget.

Medlem Sara Hamre Sekkingstad (Sp)sette fram spørsmål om i kva grad eiga tilskotsordning for elitekorps førte til at dei fekk mindre del i andre tilskotsordningar, og bad om eit oversyn over tildelingar til elitekorps for dei siste åra.

Administrasjonen vil koma attende med slikt oversyn.

Varamedlem Magne Djuvik (Frp) sette fram slikt spørsmål:

I Fusa Kommune er det ein fredda eigedom, Rosenlund. Eigedommen ber preg av manglande vedlikehald. Eg er kjend med at Hordaland Fylkeskommune har gjeve tilskott til vedlikehald på denne eigedommen som er i privat eiga. Kva kan Fylkeskommunen gjera for at bygget vert vedlikehalde og forfallet stansa? Er det kontroll med at pengar ytt til vedlikehald vert brukt til vedlikehald ?

Kst. fylkeskonservator David Sandved orienterte. Utvalet vil verta orientert om vidare status i saka.

Innspel frå administrasjonen:

Kst. fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd viste til utvalsmøte 12. og 13. september 2018 og planane om reise til Oslo. Administrasjonen vil arbeide vidare med program for desse dagane og vil m.a. sjekke ut om sjølve møtet må haldast i Hordaland. Elles ville ein m.a. arbeide for å få i stand ein visitt på Stortinget, eit møte med Hordalandsbenken og eit møte med Norsk kulturråd.